

## Referat frå årsmøtet i Fogn Grendalag den 16.april 2013.

45 personar møtte fram på Fogn grendadalag sitt årsmøte på Fogn oppvekstsenter. Leiar, Jostein Østhus gjekk gjennom årsmelding frå alle aktivitetane i regi av grendalaget.

Fokus på samferdsel er alltid eit like aktuelt tema, og også dette året har her vore i stort fokus. Temaet har vore samanbinding av Fogn / Halsnøy og evt. Børøy. Plassering av ferjekai har også vore mykje drøfta. Det har vore fleire møter angående denne saka i kommunen, men også på fylkesplan. Ikkje minst har media fokusert sterkt på saka, i og med at her er mange interessekonfliktar med blant anna friluftslivet.

Informasjonssidene til Fogn.org. er mykje populære og viktige for samfunnet vårt. Håvard Østhus som driv oppdatering og har regien her, fortalte om stor aktivitet. Det var mellom 100- og 200 besøk dagleg. Fakta viser at sida blir ikkje kun brukt av folk på Fogn, men faktisk besøkt frå mane stader ute i den store verda. Fantastisk Håvard.

Håvard ønskjer fleire bidragsytarar.

Ein snakka om å få inn kart over turstiane. Oversikt over folk som sit i styret for kvar einskild aktivitet, med telefon nummer kor ein er å finna.

Malvin Sandanger orienterte frå kulturgruppa, om basarar med inntekt til gode formål . Sist kom inn det 18.000 kroner. Mykje bra.

Elles har det blitt arrangert konsert i museet ,med Mydland kor pengane gjekk til ein barneheim i Kenya. Det har vore plantebyutting ved Kristine Bø, nyttig og kjekt. Det har vore salsmesse og utstilling i muse'et med varierte tema. I år var det sitje underlag.

Som elles om åra tek Ottar Sandanger ein gjennomgang av rekneskapen.

Bjarne Bøe leia valet, og styret ser slik ut:

Inger Marie Egeland( 1 år igjen)

Malvin Sandanger( 1 år igjen)

Terje Kjølvik (1 år igjen)

**Jostein Østhus ( 1 år) , leiar.**

Bjarne Bøe ( 2 år igjen)

Mari –Anne Runestad ( 2 år igjen)

Merete Kindingstad ( 2 år igjen)

Kathrine Flesjø (vara)

Kristoffer Østhus ( vara)

Ottar Sandanger fortset som revisor.

Foredragshaldar på årsmøtet var Hans Olav Sandvoll frå Ryfylke friluftsråd, kor han er dagleg leiar. Han fortalte engasjert om kva friluftsrådet driv på med og motiverte folk til å nytte naturen som ledd i folkehelse aspektet. Ein kan gå inn på nettet og lesa meir om arbeidet her på [www.ryfri.no/hjem](http://www.ryfri.no/hjem).

Mange flotte bilete i til inspirasjon.

Som seg hør og bør, og som fognabuen er kjent for, så serveres det mykje og god mat. Denne kvelden fekk me servert heimelaga tomatsuppe med tomater frå Fogn (sjølsagt) og med mykje gode fogna egg og foccacia brød til.

«Lykke til» med vidare arbeid i Fogn grendalag.

Mvh

Oddny Kjølvik- referent.